



› Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2018

Økonomisk oversikt drift - inntekter

Økonomisk oversikt drift - Driftsutgifter

Løn og sosiale kostnader utgjør ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2018 utbetalt 221 mill. kr i fastløn, ei auke på 2,98% frå 2017, men 2,11% under budsjett. Teknisk Beregnings- og Statistikkutvalget for Kommunesektoren (TBSK) rekna årslønsveksten fra 2017 til 2018 til 2,8 prosent. Variabel løn (unntatt sjukevikar over 16 dagar og permisjonar med refusjonsrett) hadde eit meirforbruk på 18,9 mill kr, 41,9% meir enn budsjett og 11,12% meir enn i 2017. Sosiale kostnader vart 1,4 mill. kr (1,77%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå endringa i premieavviket.

Giske kommune hadde eit meirforbruk i høve budsjettert løn og sjukelønsrefusjon på 10,4 mill kr i 2018. Dels skriv dette seg frå for høgt budsjettert premieavvik som ikkje vart dekt av lavare pensjonskostnadar og bruk av premiefond, dette utgjorde 1,8 mill kr. Resten kjem i hovudsak frå meirforbruk innan tenestene knytt til oppvekst og pleie og omsorg.

Netto driftsutgifter per rammeområde

	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	2018	2018	2018	2017
POLITISK STYRING	3 983	3 690	3 645	4 052
KOMMUNE LEIING - STAB	16 847	17 072	16 769	15 813
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	2 224	7 432	13 816	9 606
DIVERSE TENESTEOMRÅDE	10 020	8 715	8 645	8 099
OPPVEKST	201 600	186 449	183 914	185 331
BARN, FAMILIE, HELSE	44 018	40 866	40 336	41 308
PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	128 947	120 313	118 197	122 281
MILJØ OG KULTUR	8 610	8 112	7 966	7 875
TEKNISK	51 513	43 350	42 711	50 226
KYRKJELEGE FØREMÅL	4 907	4 850	4 850	4 983
Fordelt til drift	472 669	440 849	440 849	449 574

Om ein samanliknar med rekneskap i 2017 justert for pris- og lønsvekst på 3,2% ser ein at driftsnivået har auka tilsvarande 8,7 mill. kr.